

Kraftverk i Dalaåna og Nordåna

Forsand kommune i Rogaland



Informasjonsbrosjyre.
Søknad om konsesjon.
September 2013.

småkraft®



Oversikt illustrasjon av tiltak.

Søknad om konsesjon

Denne brosjyren informerer om søknad for bygging av to kraftverk i Daladalen i Forsand kommune i Rogaland. Prosjekta kombinerer fallressursane i Storlibekken, Nordåna og Dalaåna i hhv. Nordåna og Dalaåna kraftverk. Prosjektet i Øvre Dalaåna vert ikkje omfatta av KU og vert fremja som eigen konsesjonssøknad.

Utbygginga i Daladalen er eit samarbeid mellom dei lokale grunneigarane og Småkraft AS. Det er laga avtalar mellom partane som regulerer

forholda kring realisering og drift av prosjekta. Småkraft er konsesjons-søkjar og skal eige kraftverka dei fyrste 40 åra frå idriftsetting.

Kvifor byggje kraftverk i Daladalen?

Prosjekta i Daladalen kan bidra med ein monaleg andel fornybar straumproduksjon og vil i eit normalår tilsvare forbruket til 2300 hushald. I ei tid då kunnskapen kring klimatrugsmålet veks fram, er det ei sentral oppgåve å styrkje produksjonen av fornybar kraft, fordi klimautfordringene er nært knytta til samansetninga av energifor-

syninga. Vidare utbygging av norsk vasskraft er eit bidrag til å unngå sær negative konsekvensar som ikkje kan reverserast. Ved å byggje ut Storlibekken, Nordåna og Dalaåna vil dei årlege CO₂-utsleppa kunna reduserast med 29.500 tonn/år. Dette tilsvarar dei årlege utsleppa frå 11.600 bilar.



Garden Helmikstøl.

Daladalen har historisk vore viktig innan landbruk i lokal målestokk (Forsand). Det har vore tradisjonell landbruks-/stølsdrift i området, der kjøt- og mjølkeproduksjon gav dei største inntektene. Bruka i Daladalen har også tatt ut ein del skog. Samfunnet har utvikla seg, og nye tider krev omlegging av den tradisjonelle landbruksdrifta for å sikra utcome frå eigedomen. Utnytting av elvekraft er ein del av dette. For grunneigarane er elvekraft ein viktig del av eigedomen som kan utnyttast for å sikre inntekter til å ta vare på bygningsmasse, natur- og kulturlandskap.

Prosjekta i Daladalen har tatt omsyn til at området vert nytta til rekreasjonsføremål. Turisme er ei aukande inntektskjelde, og Daladalen er brukt som «transportetappe» i løypa Lysefjorden rundt. Dalen er sterkt prega av tre-fire høgspeintlinjer som går i heile dalens lengde og er særst godt synlege i landskapet. Det er òg ein nedsliten anleggsveg etter linjebygging som i dag vert nytta mest til turløype. Bygging av kraftverk med tilhøyrande infrastruktur vil kunne betre tilhøva for

fotturistar og andre brukarar av området. Konkrete prosjekt som kan dra nytte av ei utbygging, kan vere betre parkering, ventebu, betre mobildekning, betre veg innover dalen, etc.

Utbygging av Daladal-prosjekta vil medføre bygging/oppgradering av trafo og nett i Daladalen. For andre utbyggingsprosjekt i området vil det vere ein føresetnad at fleire prosjekt er med og deler på kostnadene ved nettilkobling.

Elvekraft versus oppdemming

Det synlege inngrepet ved reguleringsverk, til dømes den eksisterande 50 meters reguleringa av Lyngsvatnet, er betydeleg og av ein annan karakter enn dei relativt små inngrepa ved utbygging av elvekraftverk utan reguleringsmagasin. Dei planlagde elvekraftverka utnyttar naturleg vassføring i elvane slik at produksjonen vil variere med tilsiget. Det vil ikkje bli bygd nye reguleringsmagasin. I vinterhalvåret er elvane dekte med snø og is. I delar av året med flaum vil vassføringa i elvane vere om lag som tidlegare.



Damstad ved utløp av Skaratjørn.

Utbyggingsplanar

Nordåna kraftverk

Kraftverket skal nytte eit fall på 102 meter frå Skaratjørn ned til Daladalen. Det vert etablert ein låg terskel i utløpet av Skaratjørn, der det sleppes minstevassføring. Terskelen vert omlag 10 m lang og omlag 1 m høg. Frå eige inntak i søre enden av Skaratjørn vert vatnet ført inn i ein tunnel og over til Daladalen og vidare i eit nedgravd røyr til Nordåna kraftstasjon. Skaratjørn vert ikkje regulert. Kraftstasjonen vert plassert på nordsida av Dalaåna, omlag 1,5 km aust for garden Helmikstøl. Avlaupet frå kraftstasjonen renn ut i Dalaåna.

Dalaåne kraftverk

Kraftverket skal nytte eit fall på 346 meter frå Daladalen og ned til Lysefjorden. Det vert etablert ein inntaksdam i Dalaåna like nedanfor Nordåna kraftverk, der det sleppes minstevassføring. Dammen vert omlag 25 meter lang og 4 meter høg på det høgste. Vasstand- en i inntaksmagasinet vil variere mini- malt. Det vert ikkje etablert regulerings-

magasin i Dalaåna. Frå inntaksdam i Dalaåna vert vatnet ført inn i ei sjakt og vidare i ein tunnel ut til Dalaåne kraftverk som skal ligge ved Tuftene i Lysefjorden. Avlaupet frå kraftstasjonen renn ut i Lysefjorden. Tilkobling til nett skjer med kabel via tunell til Nordåna stasjon, og vidare derfra i eksisterande linjetrase til 132/22 kv stasjon ved Helmikstølen.

Overføring av Storlitjørna

Utløp frå Storlitjørna vert blokkert med små sperredammer, og vatnet overføres til Kvednavatnet via eit borehol og kanalisering ned til Kvednavatnet.

Tilhøyrande anlegg

Vegen frå Helmikstølen og inn til Nordåna kraftverk vil oppgraderast i forbindelse med utbygging. Det er planlagt omlag 700 meter mellom- bels veg frå kraftstasjonen og opp til tunnelen frå Skaratjørn. Det må byggjast ein veg på omlag 2 km frå Kosen og ned til Tuftene kraftstasjon ved Lysefjorden. For tilkomst til Tuftene er al-



Storlitjørna og Kvednavatnet.

ternativa enten veg via Kosen, eller kai ved Tuftene.

Kraftverka vil koplust til overliggan- de nett via kabel frå Nordåna kraft- verk som leggas i vegskulder fram til nettanlegg på Helmikstølen.

Nettanlegg:

Noverande nett i Daladalen har ikkje kapasitet til å ta inn ekstra kraft utan å transformere dette opp til 132 kV, og le- vera krafta inn på eksisterande 132 kV linjenett. Det planleggast difor ein ny transformatorstasjon, som vil fremjas som eigen konsesjonssøknad av Lyse

Nett AS parallelt med søknader om Dalaåna og Nordåna. Kart på side 22 og 23 syner i grove trekk plassering av transformatorstasjon det skal søkjast om. Den nye transformatorstasjonen vil kunna ta inn kraft frå nye kraftverk i Daladalen, og vil og syta for kraft- forsyning i Daladalen. Det gir dermed moglegheit for å sanere gamal 9 kV lin- je til Lysebotn, som i deg er en ustabil kraftforsyning til bebuarar i Daladalen. Den nye transformatorstasjonen vil også inkludere eit koplingsanlegg for 132 kV linjene i dalen.

Nøkkeltal for kraftverka:

	Eining	Nordåna kraftverk	Dalaåna kraftverk	Samla
Nedbørsfelt	km ²	9,7+1,5	17,1+11,2	28,3
Middelvassføring	m ³ /s	1,05	2,6	
Restfelt	km ²	2,0**	10,9	
Fallhøgde	m	102	346	
Slukeevne	m ³ /s	2,3	3,5	
Lengd på vassveg	m	870	930	
Kraftstasjonsbygg	m ²	70	80	
Installert effekt	MW	2	9,9	
Midlare årsproduksjon	GWh	5,7	40,2	45,9
Total utbyggingskostnad	mill. kr			120
Total utbyggingspris	kr/kWh			2,6

** Til samløpet med Dalaåna.



Dam Skaratjørn, illustrasjon av terskel ved utløp av Skaratjørn, sett frå veg.

Massedeponi

Massar frå tunnelen til Nordåna kraft- verk skal nyttast til vegbygging, opp- gradering av vegar i området og byg- ging av dam i Dalaåna. Massar frå tunellen til Dalaåna kraftverk skal nyt- tast i forbindelse med krafstasjons- område og veibygging, subsidiert kaianlegg. Om det ikkje bygges vei til Tuftene vil eventuelle overskudds- masser dumpes i fjorden.

Samla produksjon i dei to kraftver- ka svarar til det årlege forbruket av straum i om lag 2300 einebustader.

Byggjetida for heile anlegget er rekna til 2 år.

Det er planlagt slepp av minste- vassføring heile året i både Tverråna og Dalaåna. I Tverråna skal ein sleppe 26 l/s frå 1. mai til 30. september

og 12 l/s frå 1. oktober til 30. april. I Dalaåna skal ein sleppe 44 l/s frå 1. mai til 30. september og 21 l/s frå 1. oktober til 30. april.

Alternativ

Alternative løysningar er omtala i kon- sekvensutgreiinga:

- Utbygging av Nordåna kraftverk som sjølvstendig prosjekt.
- Utbygging av Dalaåna kraftverk utan overføring frå Tverråna.
- Dalaåna kraftverk med kai i staden for veg frå Kosen ned til Lyse- fjorden.
- Dalaåna kraftverk med nedgravd kraftkabel eller sjøkabel i staden for luftlinje.



Illustrasjon av kraftverk og kai ved Tuftene.

Utbyggingane i høve til offentlege planar

Samla plan for vassdrag (SP)

Som ein del av arbeidet med Samla Plan i Rogaland vart det i 1984 utarbeidd planar for utbygging i Dalaåna gjennom Fylgjesdal kraftverk. I «Supplering av Verneplan for vassdrag» (st.prp. nr. 75, februar 2005), vert vasskraftprosjekt med ein planlagt maskininstallasjon på opp til 10 MW eller med ein årsproduksjon på opp til 50 GWh fritekne for behandling i Samla plan. Dermed er det høve til å søkja om konsesjon for ei utbygging av Nordåna og Dalaåna kraftverk utan behandling i Samla Plan.

Kommuneplan

I arealdelplan for Forsand kommune er heile influensområdet for utbygginga definert som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).

Verneplan for vassdrag

Nedbørsfeltet til Tverråna og Dalaåna kjem ikkje i kontakt med område som er verna gjennom Verneplan for vassdrag eller andre verneplanar.

Nasjonale laksevassdrag

Dalaånnavassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Fylkesdelplan for kystsona i Rogaland

I Fylkesdelplanen for kystsona i Rogaland er heile Lysefjorden klassifisert som eit vakkert område, medan den delen av tiltaksområdet som ligg ned mot fjorden, er klassifisert som eit 100-metersbelte der det ikkje bør byggast.

Løyve

Gjennomføring og drift av Dalaåna kraftverk og Nordåna kraftverk krev



Veg og linjer i Daladalen, sett ned mot Nordåna kraftverk og inntak i Dalaåna.

konsesjon etter Vassressurslova. Andre lover som vil vere sentrale i behandlinga av saka, vert plan- og bygningslova, energilova, naturvern-

lova, naturmangfaldslova og kulturminnelova. Dersom det vert gjeve konsesjon, vil tiltaket òg verte behandla etter forureiningslova.

Mogelege konsekvensar

Det er gjennomført konsekvensutgreiing i høve til fastsett program av NVE. Nedanfor gjer vi kort greie for resultatet av utgreiingar for det einskilde fagområdet.

Hydrologi

I vinterhalvåret er det normalt lite vatn i elvane, slik at kraftverka vil stå i periodar. I desse periodane vert ikkje vassføringa påverka. I dei periodane kraftverka er i drift, vil den føreslegne minstevassføringa innbere at elvane har ei vassføring tilsvarande tørre periodar før utbygginga. I svært våte periodar vil flaumane vere mykje større enn det kraftverket kan bruke, og elvane vert dermed «utspylte» tilsvarande flaumperiodar før utbygging.

Ved planlagt inntak har Tverråna (Nordåna) ei middelvassføring på 1,05 m³/s før utbygging. På årsbasis vert 66 % av vatnet i Tverråna nyt-



Illustrasjon av Nordåna kraftverk.



Garden Kosen.

ta til produksjon i Nordåna kraftverk. Resten av vatnet skal sleppast forbi inntaket som minstevassføring eller overløp.

Ved planlagt inntak har Dalaåna ei middelvassføring på 1,55 m³/s før utbygging. Når Nordåna kraftverk vert sett i drift, vert middelvassføringa ved inntaket i Dalaåna 2,6 m³/s. På årsbasis vert kun 47 % av vatnet (inkludert avløp frå Nordåna kraftverk) i Dalaåna nytta til produksjon i Dalaåna kraftverk. Resten av vatnet skal sleppast forbi inntaket som minstevassføring eller overløp.

Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarande 2 % av sesongmiddelvassføringa heile året både i Tverråna og Dalaåna. I tillegg vil lokalt tilsig nedafor inntaka gje sitt bidrag til vassføringa i elvane.

Vasstemperatur, tilhøve for is og lokalklima

Det er ikkje kjent at is har vore eit problem i Tverråna eller Dalaåna tidlegare, og det er ikkje venta at dette vil endrast som følgje av utbygginga. Elvestrekingane mellom inntak og elveutløp vil få redusert vassføring. Dette vil gje litt

høgare temperaturar i og langs elvane under snøsmeltinga om våren og sommaren, og litt lågare temperaturar om vinteren. Lokalklimaet vert ikkje vesentleg påverka av utbygginga.

Grunnvatn, flaum og erosjon

Kraftverka vil ikkje påverke grunnvatnet i Tverråna eller Dalaåna nemande, då det skal sleppast minstevassføring i begge elvane heile året. Det er ikkje venta problem med erosjon i elvane som følgje av utbygginga. Flaumane i vassdraget kan verte noko reduserte etter utbygginga.

Fisk og ferskvassbiologi

Det finst ikkje laks eller sjøaure i vassdraget i dag. Det er ein eigen bestand av aure i elvane. Det er venta at utbygginga vil gje liten negativ konsekvens for fisk og ferskvassbiologi.

Naturmiljø

Redusert vassføring i Tverråna og Dalaåna vil påverke få av dei registrerte naturtypene i vesentleg mon. Fossekallen kan få redusert tilgang til føde og reirplassar. Anleggsvegen til Dalaåna kraftverk vil føre til eit relativt stort beslag av areal innanfor kystfuruskogslokaliteten ved Tuftene.

Uro og støy i anleggsperioden vil påverke dyrelivet til ein viss grad, men utbygginga vil truleg ikkje medføre nokon langsiktig negativ konsekvens for dyrelivet.

Kraftlinjer kan vere ein fare for fugl, først og fremst kongeørn, som hekkar i influensområdet. Kraftlinjer kan òg gje negative effektar for flora og landskap. Tiltaket vil ikkje medføre meir kraftlinjer, men tvert imot gje moglegheit for å fjerna 10 kV-linja frå

Lysebotn til Helmikstølen, og derved gje eit positivt bidrag til naturmiljøet.

Landskap

Mykje av influensområdet er i dag sterkt påverka av store kraftlinjer og av vegar, hyttebygging og landbruk. For delområdet Skaratjørn vil redusert vassføring gje den største negative konsekvensen for landskapet. For delområdet Lysefjorden er det òg anleggsvegen frå Kosen til Tuftene som gjev dei største negative konsekvensane for landskapet. Alternativet med kai vil dempe dei negative konsekvensane i dette området.

Kulturminne

Tiltaket kjem berre i visuell konflikt med kulturminne. Området rundt Kosen og Tuftene vert påverka av anleggsveg/kai og stasjonsbygg.


Landbruk

Bygginga av Nordåna og Dalaåna kraftverk vil ikkje føre til vesentlege beslag av dyrka mark eller beiteområde i inn- eller utmark. Forstyrring og støy i anleggsperioden vil til ein viss grad kunne uroe husdyr på beite i inn- eller utmark. Oppgradering og bygging av vegar vil betre tilhøva for både jordbruk og skogbruk. Inntekter frå kraftverka vil styrke drifta for dei få bruka som enno er i drift, og kan føre til at nedlagte bruk kan ta opp att drifta.

Naturressursar

Utbygginga vil i liten grad påverke tilgjengeleg skog og jordbruksareal. Kraftverka vil gje dei påverka gardsbruka viktige tileggsinntekter som vil vere med på å oppretthalde busetnad og vedlikehalde kulturlandskapet.

Oversiktskart Nordåna og Dalaåna kraftverk





Lysefjorden med Tuftene og vegtrasé.

Forureining og ferskvatn

Vasskvaliteten i Dalaånavassdraget er næringsfattig og svakt forsura. I anleggsfasen kan avrenning frå anleggsområdet med tilførsel av jord, steinstøv og sprengstoffrestar påverke vasskvaliteten i Dalaånavassdraget. Dette kan påverke produksjonen i elva. I driftsfasen vil vasskvaliteten truleg verte mindre sur fordi vatn frå oppstraums nedbørsfelt vert ført vekk.

Anleggsarbeidet vil medføre noko støy og støv. I nærleiken av dei ferdige kraftverka kan det verte litt støy.

Friluftsliv og turisme

Daladalen er ein del av ei merka turløype kalla «Lysefjorden rundt». Grunna store inngrep frå kraftlinjer har sjølv etappen i Daladalen liten verdi iht. Stavanger Turlag, som driv hytta i Songedal.

Konsekvensane for friluftslivet er vurdert som lite negative, ettersom området som vert påverka av ei utbygging er vurdert til å ha liten til midt delens verdi i høve til friluftaktivitetar.

Konsekvensane for turisme er vur-

dert som middels negative grunna det inngrepet vegen ned fjordsida frå Kosen til Tuftene vil utgjere. Vegen vil kunne skape eit visuelt negativt inntrykk som kan bidra til å redusere attraksjonsverdien til denne delen av Lysefjorden. For alternativet med kai er inngrepet i fjordsida vesentleg mindre.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Prosjektet vil ikkje kome i konflikt med villmarksprega (> 5 km) område eller område innanfor inngrepsfri sone 1 (3–5 km frå tyngre tekniske inngrep). Slike INON-område eksisterar ikkje lenger i området grunna kraftutbygging med tilhøyrande kraftlinjer, vegbygging, hyttebygging og andre aktivitetar.

Men det finst to område i inngrepsfri sone 2 (1–3 km frå næraste tekniske inngrep). Eit område på om lag 3 km² rundt Storlivatn og Kvernevatn, som ligg frå Krolifjellet og nordaustover, og eit lite område aust for Tuftene på 0,16 km², vil gå tapt. Dette medfører også at 2,8 km² av INON sone 1 vert omklassifisert til sone 2.



Utløp av Dalaåna i Lysefjorden.

Samfunnsmessige verknadar

Bygging av Nordåna og Dalaåna kraftverk vil gje betydelege inntekter for kommunen og det lokale næringslivet. Basert på erfaring frå tidlegare kraftverksprosjekt i området, kan ein vente at den lokale leveransen i anleggsperioden vil utgjere 40 mill kr. Dette gjev om lag 30–40 årsverk. Kraftverka vil gje eigedomsskatt til kommunen i anleggsfasen (2 år) samla på 800.000 kr. I driftsperioden (40 år) vil eigedomsskatten i første driftsår gje 800.000 kr. Dersom det ikkje vert gjort nyinvesteringar, vil eigedomsskatten verte redusert med ca. 21.000 kr pr. år. I tillegg vil utbygginga av Dalaåna gje inntekter i form av naturressursskatt til kommunen og fylket.

Grunneigarane vil i driftsfasen motta fall-leige knytt til overskotet frå kraftproduksjonen. Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB) på Ås har gjennomført eit prosjekt for å kartleggje verdiskapinga ved småkraftutbygging (Aanesland og Holm, 2009).

Basert på studium av 22 småkraftverk er dei lokale ringverknadene

rekna til 60 øre i tillegg til kvar krone grunneigar får i overskot frå eit småkraftverk. I samandraget står det mellom anna: «Falleien har en indirekte virkning (ringvirkning). Falleien har en inntektsmultiplikator på omkring 0,6. Det vil si for hver krone eier mottar i falleie, øker dette den samlede inntekten i kommunen med 1,6 kroner. Falleien øker egenkapitalen og øker dermed lånemuligheten som gir anledning for å bygge ut annen virksomhet i bygdene.»

Daladalen er sterkt påverka av tyngre tekniske inngrep, i hovudsak høgspentlinjer i heile dalens lengde. Inngrepa ser ikkje ut til å ha nokon negativ innverknad på naturbasert reiseliv i Daladalen. Ei utbygging vil kunne medføre betre tilrettelegging for turisme. Prosjekta kan bidra til å finansiere og drifte mellom anna betre parkering, offentleg toalett, rasteplass, ventebu med meir. Ein fryktar difor ikkje at utbygginga vil gje målbare negative konsekvensar for naturbasert reiseliv i Daladalen.

Verdien av ny nett-tilkopling i Daladalen er knytt til både anleggsaktivitet



Veg og tursti mellom Helmikstøl og Songedalhytta.

og til verdien av ei meir robust og sikker straumforsyning i dalen. Den nye nett-tilkoplinga vil òg gje gode

moglegheiter for tilknytning av andre småkraftverk som er planlagt i området.

Konsekvensane, i driftfasen, av utbygginga samla i tabell:

Fagtema	Konsekvenser
Vasstemperatur, tilhøve for is, lokalklima	Ubetydelig konsekvens (0)
Grunnvatn, flaum og erosjon	Ubetydelig konsekvens (0)
Naturmiljø	Middels negativ konsekvens (--)
Fisk og ferskvannsmiljø	Lite negativ konsekvens (0 / -)
Landskap	Middels negativ konsekvens (--)*
Kulturminne	Liten til middelsnegativ konsekvens (-/--)
Landbruk	Liten til middels positiv konsekvens (+/++)
Ferskvatn	Ubetydelig konsekvens (0)
Forureining av vatn, vasskvalitet	Liten positiv konsekvens (+)
Friluftsliv	Liten negativ konsekvens (-)
Turisme	Liten negativ konsekvens (-)
Samfunnsmessige verknader	Liten til middels positiv konsekvens (+/++)

* Ved alternativ. (utan veg til Tuftene) vil konsekvens for Landskap bli Liten negativ konsekvens (-)

Avbøtande tiltak

Minstevassføring

Det er gjort framlegg om minstevassføring heile året. Minstevassføringa vil hjelpe til med å sikre elva som eit positivt element i landskapet og at eventuelle fiskebestandar overlever. Minstevassføring vil òg medverke til at fossekallen framleis kan hekke langs vassdraget.

Landskapspleie

Det vil ved detaljplanlegging takast miljøfaglege hensyn ved stikking av inntak, rørtrase, vegar og kraftstasjonar. Alle område som vert påverka i anleggsfasen skal setjast i stand og tilpassast naturleg terreng og vegetasjon.

Kraftlinje

Utanom eksisterande kraftlinjer vert all kraftoverføring gjort med nedgraven kabel.

Omsyn til kulturminne og kulturmiljø

Plassering av kraftstasjonen og veggen til Dalaåna kraftverk tar omsyn til murane på Tuftene. Veg over innmark på Kosen vert lagt slik at han fell mest mogleg naturleg inn i kulturlandskapet.

Turløype i Daladalen

Utbyggjar vil syte for at ferdsel i turløypa som går gjennom Daladalen vert minst mogleg påverka av anleggsarbeidet. Det vil også verte lagt betre til rette for turløyper med opprusting av veg til Songedal-hytta, betre parkeringstilhøve, lademoglegheit for mobiltelefon etc. etter avtale med brukarane.

Tersklar

Tersklar vil medverke til å sikre vasspegelen i elva, òg ved låg vassføring, og redusere den negative effekten på landskapet.

Saksgang og vidare framdrift

NVE og OED vil stå for handsaminga av utbyggingssaka sentralt. Handsaminga av saker som er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar er delt i tre fasar:

Fase 1 - melding med framlegg til utgreiingsprogram

Meldingsfasen var i 2006–2007. Melding om tiltaket med framlegg til program for utgreiing av konsekvensar av kraftutbygging i Tverråna og Dalaåna vart sendt på høyring i 2006. Endeleg program for konsekvensutgreiinga vart fastsett av NVE i KTI-

notat nr. 87/2007, basert på innspela som kom inn i høyringa.

Fase 2 - utgreiingsfasen

Utgreiingsfasen var i 2008. Konsekvensane av utbygginga vart belyst i samsvar med programmet for konsekvensutgreiinga. Utgreiinga vart gjennomført av Sweco Norge AS i samarbeid med Multiconsult AS. Hydrologiske og tekniske løysingar vart nærare vurdert.

Saman med dei tekniske planane dannar dei utførte konsekvensanalysane grunnlaget for søknad om konsesjon.



Lysefjorden med Flørli kraftverk.




Utløp frå Storlittjørn.

Fase 3 - søknadsfasen

Prosjektet er no inne i søknadsfasen. Dei endelege planane og konsekvensutgreiinga vert presentert. Søknad og konsekvensutgreiing vert sendt til NVE og handsama etter vassressurslova. Konsesjons-søknad og konsekvensutgreiing vert sendt på høyring med kunngjering og utlegging til offentlig ettersyn. I høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope møte der det vert orientert om saksgangen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vert kunngjort i lokalaviser. Høyringsperioden er på minst tre måneder etter NVE si kunngjering. Den som søkjer konsesjon, får høve til å kommentere eventuelle innspel i saka.

Etter at høyringsrunden er avslutta, vil NVE sende ei innstilling til Olje- og energidepartementet (OED). OED overtek den vidare sakshandsaminga og sender NVE si innstilling på ny høyring. Deretter vert saka fremja for regjeringa, som fattar det endelege vedtaket. I konsesjonen kan det setjast vilkår for drift av kraftverket og gjevast pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skader og ulemper. Konsesjon vert berre gjeven dersom fordelane ved tiltaket overstig eventuelle ulemper for ålmenne og private interesser som vert påverka av tiltaket.

Helmikstølen trafostasjon



Notater:

Småkraft AS er eit kraftselskap som vart etablert i 2002. Selskapet byggjer kraftverk i samarbeid med lokale grunneigarar over heile landet. Eigarane av Småkraft AS er dei fire selskapa Skagerak Energi, Agder Energi, BKK og Statkraft. Sjå www.smaakraft.no.

Kven kan du kontakta?

Dersom du er interessert i meir utfyllande informasjon, kan du ta kontakt med:

Småkraft AS

postboks 7050
5020 Bergen

Kontaktperson:

Martin Vangdal
tlf. 988 30 458
e-post: martin.vangdal@smaakraft.no

Spørsmål om sakshandsaminga
kan du retta til:

NVE – Konsesjon og tilsyn

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO.
e-post: nve@nve.no

Kontaktperson:

Auen Korbøl
tlf. 22 95 93 44
e-post: auko@nve.no



Gjeve ut: September 2013

Kart og foto: Sweco, BKK og Småkraft

Grafisk produksjon: Bodoni

